

Vedlegg 2

**BYGGMEISTAR RUNE REVHEIM,
BRULEITEVEGEN 40,
5282 LONEVÅG.**

Tlf. 91186782.
E-post: sjuratre@online.no

GILJENE PÅ ASJELNESET.

FERDIGMELDING.

Restaureringa av Giljene på Asjelneset er no ferdig.

Arbeidet fylgde stort sett restaureringsplanen. Endringane vart at døra på gilja IDNÅPÅ kunne brukast omatt. So måtte det setjast opp meire rekkverk ut til gilja. Terrenget er bratt og vanskeleg, skal folk gå der trygt, måtte det meire rekkverk til.

I huset PÅ NØVÆ vart vindauge restaurert og brukt. Ein brukte og dei fleste sperrene, sutaket, litt kledning, beten og døra. Alt det andre måtte bytast.

Asjelneset ligg langt inne i Osterfjorden, og veglaust. Ein kjem dit berre etter mest halvtimen i båt, og bratt kliving opp frå sjøen.

Arbeidsfolka var studenter frå bygningsvernlinna på høgskulen i Nord-Trøndelag. Magne Kleiveland er frå Osterøy, og var ansvarshavande.

Dei budde i telt på staden.

Det regna mest heile tida medan arbeidet pågjekk. Arbeidsfolka gjekk våte, la seg våte, og sto opp våte, i 2 veker. Å kliva i bratte, sleipe, brotalag, delevis med sikringsselar, tek tid. Jamvel om det var unge, spreke, folk, var det uråd å ha både sikringsselar og oljeklede på samstundes, so dei gjekk våte.

Dette seinka arbeidet mykje, 360 timer vart til 470. Men resultatet vart både fint og velgjort.

Ein av grunneigarane, Erling Kleiveland, tok på seg å halda dei med mat, lada batteria til maskinene deira, koma med bensin til aggregatet, og ting dei elles trong. Han og kona, Ingfrid, tenkte att skulle arbeidsfolka bu og arbeida på Asjelneset i slikt ruskevær, trong dei god mat. Dei kjøpte inn, Ingfrid kokte og Erling frakta inn og bar opp, både varm middag og annan mat. KVAR DAG.

Tjørebredinga var eigeninnsats grunneigarane skulle gjera.

På grunn av mest samanhangande regnver, har det vore vanskeleg i år.

Gilja IDNÅPÅ ligg kring 25 m i fritt fall til sjøen, på land er det bråtalag, og ekstremt ulendt.

Difor måtte ein byggja stilas, dei står enno. Gilja har fengje 3 strok med tretjøra i hauст.

Planen er å ha på eit ekstra strok til våren, og so fjerna stilaset. So vanskeleg som der er å koma til, er det lite truleg at nokon tjørebredier meire på den gilja.

PÅ NØVÆ har dei hatt 2 tjørestrok i hauст, resten må venta til våren.

Her måtte og byggjast stilas for å koma til med tjøra.


Bæ desse stilasa står enno, dei vert rivne når resten av tjøra er påsmurd. Tjøra er kjøpt og betalt, restarbeidet er eigeninnsats, so det verkar ikkje inn på totalkostnaden. Snakka med Siv Arnundsen i kulturminnesfondet om dette, ho meinte det var grunnlag for utbetaling av alle tilskota, jamvel om dei reknar med litt tjørebreding til våren, og.

19. august var der markering av dei nyrestaurerte laksegiljene. Stor trafikk i Indre Osterfjorden den dagen. Dei gamle fjordabåtane Oster og Bruvik var der, fulle av gjestar, dessuten kring 30 småbåter. Fleire hundre menneske til saman. Oster og Bruvik var fortøge saman, programmet gjekk over høgtalaranleggjet, so alle fekk høyra. Det gjekk skyssbåt til lands, so dei som ville fekk gå opp IDNÅPÅ og sjå kor fint der var vorte.

Ein sers vellukka dag.

Me er krye av Giljene på Asjelneset.

Revheim 22. 09. 2017.



Erling Kleiveland, grunneigar og pådrivar.

Rune Revheim, plan- og byggjeleiar. 5